

Referat Storvilt utval møte

8 mai 2025

1. Tildeling 2025

a. Hjortebestand

Tilbakemeldingar under jakta i 2024 var varierande med tanke på antall observerte dyr under jakta. Enkelte områder rapporterte noko auke medan andre reduksjon.

Fellingsprosenten for Hovda UL vart på 94% sjølv om jakt sesongen var noko unormal på mange måtar. Redusert felling i starten av jakta med ein auke seinare i jakta, 146 felte dyr ved utgangen av oktober mot 177 felte dyr i same periode i 2023.

Vårteljinga i 2025 syner ein svak nedgang i forhold til dei siste åra, ikkje berre lokalt med også i dei andre kommunane på søre sunnmøre. Vi ser og at viltpåkøyrslar i vårt område er noko redusert i 2024.

Det var einigkeit om at bestande nok framleis er større en ønska i pressområda, men at vi ser ein svak reduksjon i observerte dyr, vårteljingar og viltpåkøyrsler totalt i vårt område.

b. Tildeling, Bonusdyr og skrapdyr

Storvilt utvalet foreslår difor å oppretthalde tildeling for 2025 på same nivå som i 2024.

Vi foreslår å tildele 217 dyr fordelt på 41% kalv, 32% Kolle og 27% bukk.

Vi anbefaler å vidareføre fyljande tiltak:

- Oppfordre jaktfelta (Jaktfelt leiarar) til godt samarbeid.
- Same skrapdyr ordning som i 2024, med oppstart frå 15 oktober.
- Same ekstradyr tildeling som i 2024 (Jaktfelt 10 til og med 16).
- Fri avskyting av kalv for jaktfelt 10 til og med 16.

Vi i storvilt utvalet tek ein status på avskyting samt observerte dyr på Ytre Hovda (Jaktfelt 1 til og med 9) ved utgangen av oktober og ser om det må gjerast justeringar i forhold til eventuelt skadebeiting i enkelte områder. Dette i tråd med konklusjonen på jaktleiar møtet 02.05.25, der Brandal, Lidane og Åram/Arset ytra ynskje om meir tildeling grunna skadebeiting.

Vi oppfordrar framleis på å avle dei riktige dyra og ta ut dei som er små av vekst samt retur bukk. Det er særskilt viktig for ein sunn og god bestand at vi har eldre koller og bukkar i reviret for å oppretthalde korrekt syklus i brunstperioda.

Sjå vedlagt forslag (anbefaling) for tildeling 2025 som blir lagt fram for styret i Hovda UL for godkjenning.

Storvilt utvalet Hovda Utmarkslag

Kåre Honningsvåg, Ole Petter Nystøyl, Per Berge og Aksel Fiskaa Øren